



Uskedal Unge Røyster song til leirdeltakarane.

Små og store deltok på lagsleir på Solgry Misjonssenter i Sveio – sist helg. Uskedalen Unge Røyster, valte å markere 40 årsjubileet med denne familieleiren. Helga vart absolutt vellukka på tross av storm og instilte ferjer, fredag.

Da var og mange unge deltakarar frå Åkrehamn og Stord, ilag med oss. Leirplassen var fullsatt. Me fekk høyre frå Bibel, syngje om 'Kongenes Konge', leike, ete og kosa oss mykje ilag.

På misjonstimen, laurdag – song 'Røystene' nokre av sine favorittar til dei andre på leiren. Blant anna; 'Mange barn på jorda vår, kjenner ikke Jesus'. Sjølvaste songskrivar, Bjørg Marit (frå Stord), spela piano til. Dei fleste hadde på seg t-skjorte med logoen vår. Ingen var i tvil om at samhaldet i laget vårt er sterkt!

Tusen takk til alle som deltok!

(Sjå lesarbilete 02.02.2016)

Tekst/Foto: Linda Tvedt
 Nett: Hans Ordin Østebø